

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2023



Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen og Sunnfjord.

Styret

Det vart konstituert nytt verneområdestyre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2020. Nye styremedlemmer vart oppnemnt etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Den 1.jan 2020 vart dessutan fire kommunar slegne saman til Sunnfjord kommune. Tre av desse gamle kommunane (Naustdal, Førde og Jølster) hadde areal i Naustdal-Gjengedal LVO og representant i styret. No har dei ein felles representant frå Sunnfjord kommune, og verneområdestyret er derfor redusert frå fem til tre medlemmer.

Verneområdestyret for perioden 2020-2023 ser slik ut:

Verv	Namn	Reprenter	Vararepresentant
Leiar	Karoline Bjerkeset	Gloppen kommune	Olav Fuglestrand
Nestleiar	Marius Dalin	Sunnfjord kommune	Siv Karin Hestad
Medlem	Trude Brosvik	Vestland fylkeskommune	Frank-Willy Djupvik

Styret har hatt tre styremøte i 2023. Alle tre var fysiske møte og alle var i Gloppen. Styremøte 2/2023 var kombinert med synfaring på Sørstranda i Gloppen. Styret har handsama totalt 20 styresaker og seks referatsaker i møta.

Styrearbeidet har fungert godt i dette som vart det siste året med det sittande styret. Styret er samansett av erfarne og dyktige politikarar med god innsikt i fagfeltet.

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2023 skal det oppnemnast nytt verneområdestyre. Dette vil skje i løpet av første kvartal 2024.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2023 har verneområdeforvaltaren handsama sju saker med delegert mynde.

2. Saker

Talet på saker er framleis på eit lågt til moderat nivå i Naustdal-Gjengedal. I 2023 har dessutan sakene vore kurante og oversiktlege. Fleire år med forvaltningspraksis og ryddige presedensar har gjort sakshandsaminga ganske enkel.

Motorferdsel

Hovudtyngda av søknadssakene handlar om motorferdsel. Stort sett gjeld det transport til hytter og støylar, men det har og vore transport av bruer og transport av folk som skal overvake ustabil fjellparti.

- Bjørn Årdal fekk fornya fleirårig løyve til snøskutertransport til hyttene i Årdalskupa.
- Førde og Naustdal Saueeigarlag fekk løyve til naudsynt transport av saltstein og anna materiell. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Håkon Hjelle Roset fekk løyve til transport med motorbåt i samband med byggearbeid på hytte ved Fitjestøylen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Indre Sunnfjord turlag fekk fornya fleirårig løyve til transport av forsyningar til Longevasshytta med helikopter.
- Jan Erik Øygard fekk løyve til transport med motorbåt til hytte på Dalsbøen i Traudalen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Mardal og Fitje Sankelag fekk løyve til å transportere nye bruer med helikopter inn i beiteområda sine. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Naustdal Røde Kors Hjelpekorps fekk nytt løyve til kjentmannskøyring for åra 2024-2027.
- Norge geologiske undersøkelser fekk løyve til helikopterlanding på Osmundnesfjellet i samband med måling av ustabil fjellparti. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk løyve til helikopterlandingar på Osmundnesfjellet i samband med flytting av reflektorar. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Organisert ferdse

Nordfjord folkehøgskule fekk fleirårig løyve til organisert ferdse og telteir i samband med overnattingstur ved Storevatnet i Hyen. Løyvet gjeld for inntil 170 overnattande ein gong i året i perioden 2024-2028.

Bygge- og inngrepssaker

Norges vassdrags- og energidirektorat har tidlegare montert reflektorar på ustabile fjellparti over Osmundnes. Med desse reflektorane og radar vert fjellpartiet og rørslene der kontinuerleg i overvaka. Det har vists eg at plasseringa av reflektorane ikkje er ideell, sidan nokre av dei vert heilt dekt av snø om vinteren. NVE fekk derfor løyve til å flytte reflektorane til plasseringar med mindre snødjupne. Løyvet vart gjeve med delegert mynde, i samråd med styreleiar.

Administrative saker

- Styret har handsama dei faste og årlege sakene som gjeld søknad om tiltaksmidlar og driftsmidlar, og bruk av desse.
- Styret har jobba med revidering av forvaltningsplanen, og mellom anna arrangert to opne informasjons- og innspelsmøte.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2023	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre	186 000	171 887	71 000	70 349	115 000	101 538
Planmidlar	100 000	116 060	100 000	116 060	0	0
Tiltaksmidlar	900 000	800 463	600 000	482 064	300 000	318 399
Tot	1 186 000	1 088 410	771 000	668 473	415 000	419 937

Drifta av styret har gått so godt som akkurat på budsjett. Styret har ikkje vore på konferanse eller studietur i 2023, so kostnadane er knytt til dei vanlege styremøte pluss litt til drift av nettsider.

Verneområdestyret fekk 100.000 i planmidlar til kartlegging av våtmark. Vi fekk eit tilbod på jobben som var litt meir enn dei tildelte midlane, men vi gjennomførte likevel. Dette vart dekkja inn av andre styre som ikkje brukte opp sine midlar på drift og plan.

Naustdal-Gjengedal fekk tildelt 600.000 i tiltaksmidlar. Av desse vart 482.064 brukt. Det betyr at over 100.000 av tiltaksmidlane ikkje vart brukt, av ulike årsaker. Dette kjem vi attende til i neste kapittel.

4. Tiltak / bruk av midlar

Generelt:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søkte om 665.000 i tiltaksmidlar for 2023, fordelt på 11 tiltak. Alle tiltaka vart godkjent av Miljødirektoratet og styret fekk 600.000 til fordeling på tiltaka. Tiltaksmidlane vart brukt slik:

Tiltak	Forbruk
Skjøtsel på Arnestadstøylen	15.000
Skjøtsel Sandsstøylen	50.000
Skjøtsel Fitjestøylen	50.000
Skjøtsel Ryssdalsstøylen	23.875
Skjøtsel Gimmestadstøylen	17.250
Skilt om Byrkjenesmannen	17.559
Fjerning av gran	280.000
Sti gjennom Ura ved Storevatnet	11.730
Merking av sti	16.650
Totalt	482.064

Skjøtsel:

Forvaltninga skriv stadig nye skjøtselsavtalar med grunneigarar som får betalt for å skjøtte eigne kulturlandskap. Dette er ei veldig god ordning for alle partar. I 2023 fekk vi og med Gimmestadstøylen på eit slikt opplegg. Det vart gjort mykje godt arbeid gjennom alle avtalane.

Ikkje alle grunneigarlaga vi hadde avtale med fekk nytta heile summen som var sett av i avtalane. Det kan vere mange grunnar til det, og når denne jobben stort sett skjer på fritid/dugnad so kan det fort bli slik.

Det var stor satsing på fjerning av gran i 2023. Ved hjelp av sommarhjelp hos Statsforvaltaren vart det gjort ei grundig kartlegging av granfelt og førekomstar, og mange grunneigarar vart kontakta. Alle stilte seg positive til å få tatt ut grana. Mykje av sjølv uttaket vart utsett til 2024 av ulike årsaker. Men vi skreiv fleire avtalar om dette arbeidet slik at det vert gjort med midlane for 2023.

Tilrettelegging

Det vart gjort ein del utbetring på stien som går gjennom Ura langs Storevatnet i Gjengedalen. Det vart flytta ein del stein og jamna til slik at det vert betre både for beitedyr og folk og ferdast der. Jobben vart gjort av forvaltninga sjølv, naturoppsynet og noko innleigd arbeidskraft.

Informasjon

Informasjonsskilt som vart sett opp på Jølster for nokre år sidan vart flytta til ei betre plassering på rasteplassen ved Svidalsneset. Dette vart gjort med midlar frå 2022.

Det vart gjeve noko støtte til eit informasjonsskilt om Byrkjenesmannen. Skiltet er ferdig, men vert ikkje sett opp før til sommaren i 2024.

5. Rådgjevande utval

Vi har eit breidd samansett Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Utvalet er samansett av ulike brukarinteresser og er rådgjevande overfor verneområdestyret. Rådgjevande utval er samansett slik:

- Indre Sunnfjord turlag – Kjell Arne Hjelbrekke
- Midtre Nordfjord turlag – Katrine Fjellestad Aske
- Førdefjella villreinutval – Torger Eimhjellen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane – Liv Løken
- Sunnfjord utvikling – Bjørg Kjos-Wenjum
- Visit Nordfjord – Marita Lindvik
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane – Erik Solheim
- Nordfjord folkehøgskule – Erlend Aunevik
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Svein Egil Svorstøl
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Rådgjevande utval har hatt eitt møte i 2023. Det var 5.oktober på Skei. Der deltok åtte av representantane i utvalet, i tillegg til verneområdeforvaltar, styreleiar og ein gjest.

6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 15.juni. Turen gjekk då til Naustedalen og Nesstølen.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Torbjørn Brandsæter – Gloppen kommune
- Representant – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen er Rune Holen. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særst godt! I tillegg til Rune vert det leigd inn andre ressursar ved behov.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2023 vore kontorplass for verneområdeforvaltaren, Statens naturoppsyn og for nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særst godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særst godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Ulike faglege webinar i regi av Miljødirektoratet

Føredrag

- Føredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 13.februar

Møteverksemd

- Avdelingsmøter, samlingar og andre interne møter hjå Statsforvaltaren.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.
- Opne møte om revidering av forvaltningsplanen.

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltninga av villrein.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

8. Bilete frå 2022



Bilete 1. Utsikt frå Ryssdalsstøylen mot Sandane. Skjøtsel og rydding har fått fram igjen både kulturlandskapet og utsikten.



Bilete 2. Felt med planta gran inne i verneområdet i Ryssdalen. Dette skal no fjernast.



Bilete 3. Steintrapp langs sti i Gjengedalen. Her er det no laga eit alternativ på sida som er betre for storfe på beite.



Bilete 4. Utbeta sti i Gjengedalen



Bilete 5. Tradisjonelt stiarbeid med handreiskap og handemakt gjev resultat



Bilete 6. Administrativt kontaktutval på kombinert møte og synfaring til Nesstølen i Naustdal.



Bilete 7. Informasjonsskilt og portalskilt på ny plassering på rasteplassen ved Svidalsneset ved Jølstravatnet.